

Sør-Fron kommune

Politisk sak

Vegnamnsak - nye vegar på Gålå og Lauvåsen

Politisk organ	Møtedato	Saksnr.
Kommunestyre		

Saksbehandler:	JournalpostID:
Sletten, Bjørn Kjellsson	23/7834

Vedlegg:

Vegnr med kartutsnitt

Oversikt over vegnamn og -nummer i Sør-Fron

Forslag:

Sør-Fron formannskap viser til vedlagt kart og vedtek følgjande vegnamn i samsvar med Lov om stadnamn § 5:

Nr	Vegnamn	Vegstrekning
1193	Granmeisvegen	Går ut frå Langslåvegen
1194	Signe Jøndals veg	Går ut frå Tunvegen

Konstituert kommunedirektør i Sør-Fron

Anne Holsbrekken

Saksopplysninger:

Det er ny reguleringsplan i fritidsbustadfeltet BFR 30 på Gålå og BFF 38 på Lauvåsen.

I retningslinene våre heiter det at vegar som har sju eller fleire eigedommar skal ha eget namn.

Vegen til BFR 30 på Gålå er om lag 200 meter lang og går frå ein sideveg til Langslåvegen i retning mot tårnet. Feltet har 7 nye tomter, i tillegg vil det vera naturleg å knyte Langslåvegen 237 og ny tomt i BFR 4, som er ein del av reguleringsplan for Langslåa, til den nye veggen.

I detaljregulering for Lauvåsen er det regulert inn sju nye område. Dei fleste av tomtene i dei nye områda kan knytast til eksisterande vegnamn. Sjølv om det i BFF 38 er berre fire tomter, er det ikkje mogleg å knyte desse opp mot eksisterande vegnamn, og det må nytt vegnamn til for å få adressert tomtene der.

Det er altså derfor behov for namn på to nye vegar.

Vurdering:

Ved namnsetjing av vegar i Sør-Fron, blir det lagt vekt på å finne vegnamn med lokal tilknytning. Dette kan vera stadnamn, historie eller alt godt innarbeidde vegnamn.

BFR 30

I eit utbyggingsområde som Gålå vil det stadig bli behov for nye vegnamn. Ein har derfor i dei tilfella der ein ikkje har klart å finne namn med lokal tilknytning, tidlegare brukt både bærnamn (t.d. Tyttebærvegen, Kreklingvegen etc) og namn på storfugl (m.a. Orrfugltråkket, Rypesvingen). Det har også vore tatt i bruk namn henta frå Peer Gynt i området.

I f-sak 024/20 foreslo vi å ta i bruk namn på småfuglar for å namnsetje nye, mindre vegstubbar på Gålå. Dette vart gjort, med vegane Raudstjertvegen og Spettmeisvegen. Vi har sidan i f-sak 114/21 namnsett Dompapvegen, Kjøttmeisvegen og Blåmeisvegen på Gålå. Det er viktig at det ikkje er vilkårleg kva for småfuglnamn vi brukar, og vi har derfor nytta Artsdatabanken for å finne fuglar som er observert i det aktuelle området.

Administrasjonen foreslår Granmeisvegen som namn på den veg nr. 1193. Fuglen er observert i området, og er vurdert som sårbar i Artsdatabanken etter markant bestandsnedgang frå 2015 til 2021.

BFF 38

Vegstubben på Lauvåsen (nr. 1194) ligg i eit område med litt sprikande namn: Lauvåsvegen, Tunvegen og Vaskerivegen. Eigar av Lauvåsen, Tore Strand, har foreslått å knyte den nye vegnamnet til Signe Jøndal. Jøndal (1895-1974) dreiv Lauvåsen som høgfjellshotell frå 1928 til 1968.

I Sør-Fron kommune har vi få vegnamn som er oppkalla etter personar. Vi har Prins Carls veg på Gålå, namna etter Kong Oscar II's tredje son, som hadde eit nært forhold til Gålå og som faktisk la bryllupsreisa si hit i 1898. På Hundorp har vi Oddvar Nygaards veg, etter gamaldanspioneren og rikskjendisen Oddvar Nygaard.

Statens kartverk skriv i sin adresserettleiar at "Navnet bør ikke inneholde navn på nålevende personer. [...] Generelt bør kommunen begrense bruken av personnavn."

Reiselivshistoria i Sør-Fron er rik og lang, og det er fleire pionerar som hadde fortent ein eigen veg oppkalla etter seg her. Johan Sørensen, som i si tid bygde opp dei fyrste husa på Lauvåsen, må nemnast her. Men han har allereie ein veg med namnet sitt - Sørensenvegen - sjølv om den på ingen måte lenger kan kallast kjørbær. Stadnamn er kulturminne, skriv Språkrådet i sin rettleiar om stadnamn: "Alle stadnamn, også adressenamn, representerer viktige språklege og kulturelle verdiar. Dei er ein del av lokalmiljøet og lokalhistoria, og dei er med på å styrkje folks kjensle av å høyre til på

ein stad. Når ein skal gjere vedtak om nye namn, må ein ha i tankane at desse namna skal bli ståande i generasjonar framover”. Reiselivet har vore og er prega av sterke kvinner. Ei av dei var Signe Jøndal, som dreiv Lauvåsen som hotell i 40 år. Jøndal vil i så fall bli den fyrste kvinna som får ein veg oppkalla etter seg i Sør-Fron.